

Forflytning med "NumPad"

Du kan veldig raskt og greitt forflytta seg i Sekvensen med hjelp av det numeriske tastaturet. Dette er òg ein funksjon som du bruka i Source-monitor.

("NumLock" må sjølvsagt vera på)

Absolutt forflytning

Med sekvensen eller kjelda aktiv tastar du inn tidskoda du vil hoppa til.



Ei t felt med dei inntasta tala dukkar opp i biletet og du trykkar Enter for å godta. I eksempelet ovanfor stod eg på tidskode 00:00:30:00 og tasta 3 3 0 0. Når eg då trykka Enter vart blålinja flytta til tidskode 00:00:33:00. Om eg hadde stått på tidskode 00:02:30:00 ville blålinja vorten flytta til **00:02:33:00**. Det er altså berre sekund og rammer som det vert teke omsyn til om det berre er det du tastar inn. Vile du flytta blålinja frå 00:10:30:00 til 01:53:12:17, t.d., måtte du tasta 1 5 3 1 2 1 7...

Relativ forflytning

Om du tastar - eller + før talet vil du verta flytta framover eller bakover med så mykje som det du tasta inn.



I eksempelet ovanfor stod eg på tidskode 00:00:30:00 og tasta + 3 0 0. Når eg då trykka Enter vart blålinja flytta til tidskode 00:00:33:00.

Praktisk eksempel:

Du har ein bit med råmateriale i ein aktiv Source-monitir og du veit at du skal ha nøyaktig 5 sek. av dette og det byrjar på TC 00:20:15:00. Då taster du 2 0 1 5 0 0 og trykker Enter. Markør innpunkt. Tast + 5 0 0 og trykk Enter. Om du då hadde markert utpunkt ville du fått eit klipp på 5 sek og 1 frame lengde, så det du må gjera fyrst er å trykka venstre piltast="Step backwards 1 Frame"



Når du då markerer inn-punkt vil lengda på det du har markert vera nøyaktig 5 sekund

